

Visesongar, låtskrivar og forfattar Atle Hansen inviterer til ein kveld med songar frå Sunnhordland (og kanskje frå andre stader) i Dønhaugkjellaren onsdag 30. april.

Det er første gong på femten år at Atle Hansen spelar konsertar aleine, etter å spela i band, trioar og duoar i ei årrekke, går det fram av ei pressemelding i samband med konserten,

Han stod første gong framfor eit publikum på slutten av sekstitalet på Moster, som vokalist i eit popband som aldri kom lenger enn til ungdomshuset Solvang og Plattingen på Våge. Då han flytta til Stord i 1970 kom han i kontakt med forfattar Per Jan Ingebrigtsen og byrja laga melodiar til hans dikt. Sidan vart han ein sentral person i viserørsla på Vestlandet og i Noreg - som styremedlem i Norsk vise- og lyrikkforum m.a. Ein av medlemene i vise- og lyrikkklubben Fokus på Stord var Rune Belsvik som Atle Hansen laga mange songar saman med og sidan sette musikk til tre av skodespela til. På slutten av syttitalet var Atle Hansen i Alta og laga då melodien til 'Detsikavisa' som Sverre Kjelsberg brukte som b-side til 'Sami Ædnan'.

I 1984 turnerte han med den engelske poeten Adrian Henri (frå m.a. Liverpool Scene) og spela på Klubb7 og Vossajazz. På denne tida møtte han også Ragnar Hovland og innleidde eit samarbeid som varer enno. Det har m.a. resultert i plata 'Trøysteslaus Hotell'. I 1985 laga Hovland og Hansen kabareten 'Havet, kjærleiken og Bøttefantan' saman med Rune Belsvik og Gudmund Rydning.

På byrjinga av nittitalet var Atle Hansen invitert til visefestivalar både i Finland og Sverige. Han var også med i Bakeriet Bluesband på Stord. Blues har alltid vore ei viktig inspirasjonskjelde og på åttitalet var Hansen vokalist i både Husnes Blueslag og Blue Soul frå Bergen.

I 1994 gav Atle Hansen ut sin første solo-cd, 'Blå måne', med tekstar av Hovland, Per Olav Kaldestad, Rune Belsvik og Atle Hansen sjølv. Same året spela han Bør Børson jr. i musikalen med same namn, i Stord teaterlag si oppsetjing. Ti år seinare kom 'Mast utan skip' også her med tekstar av Hovland, Kaldestad og Hansen, samt Dag Helleve.

I 1997 debuterte Atle Hansen som forfattar med barneboka 'Sjørøvar-Jenny og Einauge-Bill' (som seinare er komen ut på tysk). Han har sidan gitt ut ti bøker (åtte for born og to for vaksne) og vore med i ei rad antologiar. Ei av novellene hans er gitt ut på alle nordiske språk (inkludert inuit og samisk), han er representert i fleire skuleverk og har saman med ein finsk, ein svensk og ein dansk forfattar skrive ei barnebok som til no er komen ut i Danmark, Finland og Sverige og som den svenske avisa Dagens Nyheter kalla ei tidlaus barnebok. I juni kjem neste boka hans, 'Fangar i natta'. Atle Hansen sit i Norske barne- og ungdomsbokforfattare (NBU) sitt litterære råd.

Dei siste 15-16 åra har Atle Hansen oftast hatt med seg musikarar i bandet Blå Måne. Aleine har han sjeldan stått fram med visene sine på konsertar for vaksne. For born derimot har Atle Hansen turnert aktivt dei siste åra, særleg i Den kulturelle skulesekken. På repertoaret i Dønhaugkjellaren står songar frå heile Hansen sitt repertoar. Dei fleste frå Sunnhordland, men kanskje også nokre frå Amerika.